| Namn | Skule | Klasse | | |
|---|---|---|---|---|
| s702 | JN | | | |

**Skriveoppgåve 1**

Tenk deg at du går tur og kjem til eit spøkelseshus. Skriv ein tekst til klassen om kva som skjer.

No vil eg fortelje om då eg var på tur i skogen, då eg fann det, spøkelseshuset.

Eg skulle på tur, ut på tur i skogen. Det gjer eg kvar dag. Men det var noko rart, det var som om vinden pusta i nakken min. Skum Skummelt var det, men eg fortsatte i retning mot skogen. Det var då eg såg det, spøkelseshuset. Stort, grått, høgt og skummelt med ei voldgrav rundt. Brua kunne vippast ned over voldgrava. Den var brun og sleip, men eg klarte ikkje å dy meg. Eg måtte inn, inn i det skumle huset. Eg veit eigentleg ikkje kvifor eg gjekk inn, eg var berre så nysgjerrig. Angra meg kunne eg då eg kom inn. Her var det jammen mange trapper. Opp og ned og opp og ned. Det var eg som hadde valgt å gå inn, no kunne eg ikkje anna enn å bli her, for døra hadde lukka seg bak meg. Eg banka på døra og ropte på hjelp. -HJELP! HJELP! Men til inga nytte. Då gav eg opp håpet og satte meg ned på det iskalde, knirkande golvet.

S702

Medan eg gret, byrja spørsmåla å strømme inn,
Kvifor gjekk eg inn?
Kva gjere eg her?
Kven er det som eig huset?
Kvifor var eg så dum?
Men det var ingenting å gjere med det. Innestengd i spøkelseshuset i skogen. Eg byrja å fryse, det kom ein kald vind, inne i huset? Det var noko rart som føregjekk. Og så kom dei, spøkelsa. Eg hylte då dei byrja å snakke. - HJELP! HJELP! HJELP! Dei kom nærare og nærare og nærare, då eg høyrde ei damestemme. Det nytta ikkje, eg byrja å grine igjen. Eg var fortapt, åleine, mørkeredd i eit spøkelseshus. Det kom til syne ei gamal dame med kvitt hår, blomsterskjørt og masse rynker. Ho sa: Kvifor sit du her og gret? Det er ikkje farleg her, det er huset mitt.
- Jamen kva med spøkelsa då?
- Dei passar huset når eg er bortreist.
- Så dei er ikkje farlege? svara eg.
- Nei, kom så skal eg følje deg heim til huset ditt.

Vi gjekk heim, og her sitter eg den dag idag og et sjokolade og drikk brus.